

# ÅRSREKNESKAP 2020

 HELSE VEST IKT




Foto 3: Espen Nytingnes Foto 5: Colourbox



# INNHOOLDSLISTE

Visjon og foretningsidé	4
Styringsbodskap og målsetningar	5
Leiargruppa	6
Organisasjonskart	7
Årsberetning	8
Resultatrekneskap 2020	18
Balanserekneskap 2020	19
Kontantstraumoppstilling 2020	2





## OM OSS

Helse Vest IKT AS er eit heileigd dotterselskap av Helse Vest RHF etablert 01. november 2004.

Selskapet er eit resultat av samanslåing av IKT-avdelingane ved helseføretaka i Helse Vest.

Vi leverer utstyr og tenester innanfor IKT-området til spesialisthelsetenesta i Helse Vest.

Selskapet skal bidra til ei betre helseteneste ved innovativ bruk av IKT-løysingar. Helse Vest IKT AS sin visjon er å bidra til ei forenkling av pasienthandsaminga i vid forstand.

Helse Vest IKT har kontor i Førde, Florø, Bergen, Haugesund, Stavanger, Voss, Odda og Stord.

## NØKKELTAL

Antall tilsette	620
Omsetning	kr. 1 226 810 000
Antall system	1 034
Antall brukere	30 000
Antall lokasjoner	140

## KONTAKT

Ibsens gate 104  
5052 BERGEN

55 97 65 00  
postmottak@helse-vest-ikt.no  
www.helse-vest-ikt.no  
Org.nr: 987 601 787

## VISJON

Helse Vest IKT AS skal bidra til å forenkle pasientbehandlingen.

### FORRETNINGSIDÉ

- Helse Vest IKT AS skal vere leverandør av IKT-produkt og IKT-tenester til spesialisthelsetenesta i Helse Vest, med særleg fokus på føretaksgruppa Helse Vest.
- Helse Vest IKT AS skal vere den føretrekte IKT-leverandør basert på kosteffektivitet, kvalitet, nærleik, bransjekunnskap og brei erfaring.
- Helse Vest IKT AS skal bidra til å betre helsetenesta ved innovativ bruk av IKT.
- Helse Vest IKT AS skal bidra til at løysingar vert kjøpt inn, innført og forvalta i tråd med brukarane sine behov og føretaksgruppa sine strategiske mål.
- Helse Vest IKT AS skal levere IKT-tenester som alltid er tilgjengelege for kundane ved behov.



Inger Cathrine Bryne



Tor Albert Ersdal



Clara Gram Gjesdal



Arve Varden



Olav Klausen



Erik M. Hansen



Ole Jørgen Kirkeluten



Beate S. Krogstad



Eivind Gjerdal



Lars-Erik B. Hartvigsen



Agnete Sjøtun



Stian Hoell



Lasse Monstad

### STYRINGSBODSKAP

Helse Vest IKT AS er eit heileigd dotterselskap av Helse Vest RHF, og skal levere produkt og tenester til helseføretaka på IKT-området.

Styringsdokumentet til Helse Vest IKT AS søker å balansere det forhold at Helse Vest IKT AS har eit særskilt og avgrensa ansvar, samtidig som selskapet er ein del av føretaksgruppa i Helse Vest RHF.



# OVERORDNA MÅLSETTINGAR

HELSE VEST IKT HAR EIN TODELTE FUNKSJON. SELSKAPET SKAL:

## 1) PRODUSERE IKT-TENESTER

- Helse Vest IKT skal gjennom proaktiv overvaking og god beredskap sørge for stabil drift av infrastruktur og løysingar.
- Helse Vest IKT skal sørge for einskapleg og kosteffektiv produksjon av IKT-tenestene.
- Helse Vest IKT skal sørge for å redusere ressursbruken og auke kvaliteten ved å standardisere og kontinuerleg forbetre infrastrukturen, løysingane og prosessane som bidreg til at IKT-tenestene vert levert.
- Helse Vest IKT skal samordne og integrere løysingar for å understøtte at nødvendig informasjon om pasienten følgjer han gjennom pasientforløpa både lokalt, regionalt og nasjonalt.
- Helse Vest IKT skal i rolla som databehandlar sjå til at den tekniske IKT-tryggleiken er innanfor eit akseptabelt risikonivå, slik at tilgangen til, konfidensialiteten for og integriteten av informasjon vert sikra.

## 2) BIDRA TIL INNOVATIV BRUK AV IKT

- Helse Vest IKT skal bidra til å forenkle pasientbehandligna i brei forstand og gi høve til gevinstrealisering ved innovativ bruk av teknologi og løysingar.
- Helse Vest IKT skal bidra til kontinuerleg utvikling i bruken av IKT gjennom å leggje til rette for eit tett samarbeid med helseføretaka og relevante leverandørar.
- Helse Vest IKT skal bidra til at verksemdsarkitektur vert etablert og forvalta i Helse Vest for å understøtte strategiane til føretaksgruppa.
- Helse Vest IKT skal forvalte, forenkle og utvikle teknologi- og applikasjonsarkitekturen for å understøtte arbeidsprosessar og pasientflyt.
- Helse Vest IKT skal støtte moderne arbeidsflater som byggjer opp om arbeidsprosessane på ein fleksibel og mobil måte.
- Helse Vest IKT skal bidra til å bruke om att IKT-erfaringar og kompetanse i verksemdene og utveksle erfaringar og kompetanse mellom verksemdene.
- Helse Vest IKT skal bidra til å sikre endå betre vedtaksgrunnlag i forkant av større teknologiinvesteringar eller ved investeringar der teknologi spelar ei vesentleg rolle.
- Helse Vest IKT skal ha kompetanse innanfor porteføljestyring og program-, prosjekt- og testleing for bruk ved gjennomføring av prosjektporteføljen til Helse Vest.



# LEIARGRUPPA



## FREDRIK ELDØY

Avd. leiar  
IKT-fagsenter

Sivilingeniør i telematikk frå NTNU. Tidlegare arbeid på UiB og hos EDB Business Consulting.



## LEIF NORDLAND

Økonomisjef

Siviløkonom frå Handeshøgskulen i Bodø. Tidlegare økonomisjef i Hummervoll AS og rekneskapsjef i Helse Bergen.



## GEIR GRANERUD

Avd. leiar  
Innovasjon og arkitektur

Bachelor i International Business. Tidlegare CIO i Mirror Accounting og prosjektleiar i Helse Vest IKT



## ERIK M. HANSEN

Adm. dir. til 1/3-21

Hovudfag i Informatikk frå UiB. Tidlegare forskar/forskningsleiar ved CMR, og IKT-direktør ved Haukeland Universitetssjukehus.



## OLE JØRGEN KIRKELUTEN

Adm.dir. frå 1/3-21

Elektronikkingeniør frå Høyskolen i Bergen og sivilingeniør fra NTNU, etterutdanning innan prosjektleiing og endringsleiing. Erfaring frå telekom, energi, helse og finans.



## VIDAR RÅHEIM

Avd. leiar  
Regionalt  
EPJ-fagsenter

Master i helse og sosialinformatikk. Sjukepleiarbakgrunn frå Psykiatrisk klinikk, Medisinsk divisjon og Fag- og foretaksutvikling i Helse Stavanger.



## HARALD FLATEN

Avd. leiar  
Teneste-produksjon

Elektronikkingeniør frå NKIs Ingeniørhøgskule i Bergen. Tidlegare driftsingeniør i Televerket og driftsleiar for IT-avdelinga ved Sentralsjukehuset i Førde.



## GJERTRUD FAGERLI

Avd. leiar  
Verksemdsutvikling

Sivilingeniør og leiarutdanning frå NHH og BI. Har tidlegare arbeid i Accenture, Telenor og EDB Business Partner.



## ØRJAN ANDERSEN

Avd. leiar  
Tenesteutvikling

Hovudfag i Informasjonsvitskap frå UiB. Tidlegare konsulent i PWC og rådgjevar og prosjektleiar i Helse Bergen.



## HILDE ALVSEIKE

Konst. avd. leiar  
Arkitektur og innovasjon

Sjukepleiar med master i Helsevitskap. Klinisk bakgrunn frå kommune og spesialisthelseteneste og erfaring som forskingssjukepleiar og rådgjevar i HST.





# ORGANISASJONSKART

\* Ledelsens representant for miljøstyring

**Administrerende direktør**  
Ole Jørgen Kirkeløten

**Økonomi**  
Økonomisjef  
Leif Nordland

**HR**  
HR-leder  
Ole Fredrik Gulbrandsen

**Felles arkitektur- og porteføljekontor**  
Leder *FAPK*  
Geir Granerud

<b>Arkitektur og innovasjon</b> Kst. avdelingsleder Hilde Alvseike	<b>Virksomhetsutvikling</b> Avdelingsleder Gjørtrud Fagerli	<b>Tjenesteutvikling</b> Avdelingsleder Ørjan Andersen	<b>Regionalt EPJ Fagsenter</b> Avdelingsleder Vidar Råheim	<b>IKT-fagsenter</b> Avdelingsleder Fredrik Eldøy	<b>Tjenesteproduksjon</b> Avdelingsleder Harald Flaten *
<b>Arkitektur og løsningsdesign</b> Seksjonsleder Tor Helland Kleppe	<b>Integrasjon</b> Seksjonsleder Steinar Hamre	<b>Journalssystem</b> Seksjonsleder Frode Nilsen	<b>Samhandling</b> Seksjonsleder Eli Johannessen	<b>Kundesenter</b> Seksjonsleder Thomas Yrvin	<b>Applikasjonsdritt</b> Seksjonsleder Christen Olav Dale
<b>Innovasjon</b> Kst. seksjonsleder Eva C. Backer	<b>Utvikling</b> Seksjonsleder Magnhild Viste	<b>Kliniske system</b> Seksjonsleder Margunn Pile Torpe	<b>Felles Løsning</b> Seksjonsleder Johan S. Lindtner	<b>Driftssenter</b> Seksjonsleder Per Espelid Ertisland	<b>Klientdrift</b> Seksjonsleder Frode Langeland
	<b>Styringsdata</b> Seksjonsleder Kristin Farestvedt	<b>Administrative system</b> Seksjonsleder Oddny Sønnesyn		<b>Applikasjonsstøtte</b> Seksjonsleder Elisabeth Skeide Larsen	<b>Server og lagring</b> Seksjonsleder Anders Fredrikson
	<b>Prosjektledelse</b> Seksjonsleder Eirik Aaserød	<b>Libra forvaltning</b> Seksjonsleder Harald Breyholz		<b>Trifangsbehandling</b> Seksjonsleder Jens Vatne	<b>Datakommunikasjon</b> Seksjonsleder Andreas Espelid
	<b>Testsenter</b> Seksjonsleder Bente Saltnes				<b>Tele og signal</b> Seksjonsleder John Arne Lillestøl



## HELSE VEST IKT I BEREDSKAP UNDER COVID 19-PANDEMIEN

*Då Covid 19 gjorde sitt inntog i landet, gjekk Helse Vest IKT i beredskap. Korleis arbeidde Helse Vest IKT eigentleg i denne krevjande tida og kva for type saker vart det arbeidd med?*

Koronasituasjonen førte til at Helse Vest IKT sette grøn beredskap frå og med fredag 13. mars 2020.

Beredskapsleiinga i Helse Vest IKT hadde frå og med denne dagen daglege beredskapsmøte og arbeidde i tråd med gjeldande Regional beredskapsplan og Helse Vest IKT sin Kontinuitetsplan.

I tillegg til beredskapsleiinga vart det oppretta eit eige løysingsteam som arbeide med å finne løysingar på problemstillingar som dukka opp undervegs. Samansettinga av løysingsteamet vart kontinuerleg vurdert.

I lys av dette såg Helse Vest IKT seg godt rusta for å handtere situasjonen då pandemien gjorde at Noreg kom i unntakstilstand, og store delar av samfunnet stengte ned 12. mars.

Samstundes var Helse Vest IKT klare på at vi ikkje skulle redusere krav til IKT-sikkerheit når det vart auka krav om nye løysingar knytt til pandemien. Derfor har Helse Vest IKT arbeid mykje med risikovurderingar av nye initiativ og løysingar gjennom året.

Mellom mars og juni handterte Helse Vest IKT omlag 120 forskjellige saker og problemstillingar i løysingsteamet og i beredskapsleiinga. Det vart òg oppretta ei eiga koronaside på intranettet til Helse Vest IKT, for å samle relevant informasjon for tilsette. Det er nedanfor vist ein oversikt over kategoriane dei ulike sakene som vart handert vart plassert i;

### GENERELT

I denne kategorien vart generelle saker rundt oppretting av beredskapsleiing og løysingsteam handtert. Sjølve beredskapsprosessen vart og modellert, slik at teamet og leiinga hadde ei tydeleg beskriving av roller og organisering av beredskapsarbeidet i Helse Vest IKT knytt til pandemien.

### PERSONELL HR SAMHANDLING

Her handterte beredskapsleiinga interne saker rundt personellet i Helse Vest IKT som til dømes utlån av personell til sjukehusa, kartlegging av helsepersonell, føringar for heimekontor, parkering for tilsette som måtte på kontoret og generell info rundt situasjonen intern i verksemda.

### SIKKER OG STABIL DRIFT

Denne kategorien tok for seg ulike grep i systema og organiseringa for å raskare kunne følgje opp episodar relatert til korona. I tillegg tok den for seg endring av SLA for system som vart spesielt kritiske for verksemdene under pandemien, og vurderingar og prioritering av endringsaktivitetar som kunne utgjere ein risiko for stabil drift.

Eksempel på saker som her dukka opp var større endringar i infrastruktur for å betre kapasitet og stabilitet for heimekontor/VPN-løysinga, utviding av kapasiteten for Citrix og virtualisering og sesjonsvandring for å få betre kapasitet frå heimekontor i føretaka, samt betring av GAT og andre løysingar.

Det vart òg arbeidd med å endre på Skype-lisensar, slik at alle tilsette i sjukehusa kunne bruke Skype med full funksjonalitet for elektronisk samhandling.

### UNDERSTØTTANDE INITIATIV TIL HELSEFØRETAKA

Det var mange ulike saker og problemstillingar knytt til føretaka sine behov; alt frå innføring av Microsoft Teams til støtte for massetesting ved bruk av DIPS Interactor. Det var særleg ei rekkje initiativ for i sum å gje betre støtte til telefon- og videokonsultasjonar.

Arbeidet vart organisert slik at når ein identifiserte eit mogleighetsrom for ei løysing som ikkje vart naturleg handtert i program/prosjekt vart det oppretta eit løysingsteam. Løysingsteamet fekk så eit tydeleg mandat og frist for arbeidet samt dei ressursane dei skulle ha behov for å kunne levere.

På denne måten fekk Helse Vest IKT for eksempel på plass «på sporet av Covid 19» som er ei løysing for smittesporing i Meona. Det vart og utvikla ei løysing saman md Imatis for å gje betre deling av informasjon på tvers av primær- og spesialisthelsetenesta.



## PORTEFØLJE, PROGRAM OG PROSJEKT

Kategorien vart oppretta for å handtere dei mange avklaringane rundt endring i aktivitetane til program og prosjekt.

Her vart over 500 forskjellige løysingsforslag frå leverandørar teke hand om. Det vart òg laga ei organisering der ein kunne analysere forslaga og kategorisere dei for å sjå kva som kunne vere aktuelt å gå vidare med.

## UTSTYR

Ein kategori som handterte forskjellige saker knytt til leverandørar og for situasjonar der leverandør varsla Force Majeure, kartlegging av utstyr lokalt, regionalt og nasjonalt.

Leiinga arbeidde òg med utstyr og fasilitering for «Koronalaboratoria» i Helse Bergen og Helse Stavanger for å få auka testkapasitet i føretaka.

## LEVERANDØR – KRITISKE

Kategorien vart oppretta for å ivareta god dialog om pandemisituasjonen med Helse Vest IKT sine mest kritiske leverandørar.

## TILGANG

Ein eigen kategori rundt saker knytt til tilgangar blei oppretta. Dette for å raskt møte endra behov i føretaka grunna pandemien.

## PREDIKSJONSMODELL

*Predikasjonsmodellen som Helse Vest IKT har vore med på å utvikle, har vore eit verktøy for å få oversikt over talet på Covid 19-smitta og innleggingar i helseføretaka i Helse Vest. Modellen viser i tillegg korleis ulike tiltak har påverka talet på innleggingar.*

Helse Vest IKT arbeidde i mars 2020 med å utvikle ein predikasjonsmodell som viser prognose for talet på Covid 19-innleggingar i sjukehusa i Helse Vest basert på data frå DIPS.

Modellen har vorte utvikla i eit særst godt samarbeid på tvers av Helse Vest RHF, Helse Bergen HF, Helse Stavanger HF og Helse Vest IKT.

Predisjonsmodellen viser òg korleis til dømes nedstenginga av Noreg i mars påverka talet på innleggingar i sjukehusa. På denne måten kan modellen få fram korleis ulik tyngde på ulike tiltak kan påverke talet på innleggingar.

Modellen er fleksibel ved at den kan justerast i samsvar med dei tiltaka som vert sett inn, og viser forventa utviklinga knytt til talet på smitta og innlagte.

## PANDEMIREGISTER

*Under pandemien var Helse Vest IKT med på å lage ei teknisk løysing for Pandemiregisteret.*

Oppdraget om å etablere eit nasjonalt pandemiregister kom frå Helse- og omsorgsdepartementet til Helse Bergen HF.

Helse Vest IKT vart involvert i arbeidet ved å etablere teknisk løysing for Pandemiregisteret. Det vart arbeid intensivt med å definere variablar, utvikle løysing for innregistrering av data og få på plass ei teknisk plattform.

Alle involverte partar (Helse Bergen HF, Helse Midt-Norge IT (Hemit), Norsk Helsenett SF, Fagsenter for medisinske kvalitetsregistre i Helse Vest, Helse Vest IKT og Direktoratet for e-Helse) deltok med stort engasjement og enorm arbeidsinnsats for å få registeret på plass på kort tid.

Ein prosess med å etablere teknisk løysing for eit kvalitetsregister tek vanlegvis mange månadar, for Pandemiregisteret tok det ei dryg veke.

## BRANNMURSOPPGRADERING, HEIMEKONTORLØYSING OG SKYPE

*For å møte auka bruk av Skype og heimekontor i Helse Vest måtte Helse Vest IKT betre kapasiteten. Det vart sett inn fleire serverar for VPN-oppkopling og ytre brannmur vart oppgradert.* Helse Vest IKT hadde i eit halvt år førebudd seg på ei stor omlegging av den ytre brannmuren 11. mars. Dette arbeidet vart utsett.



Arbeidet måtte fort plukkast opp igjen, etter at koronaviruset spreidde seg i Noreg, og mange tilsette måtte endre arbeidssituasjonen sin og arbeide heimanfrå. 15. mars kom avdeling Tenesteproduksjon i mål med oppgradering av den gamle brannmuren.

Nye sikkerhetsmekanismer som følgje av dette gjorde Helse Vest IKT betre rusta til å stoppe uønskt trafikk. Oppgraderinga har òg auka kapasiteten til og frå internettet betrakteleg.

Før pandemien var det normalt omlag 200 medarbeidarar i heile Helse Vest som hadde heimekontor kvar dag. Etter nedstenginga i mars, med klar oppfordring om at som kunne ha heimekontor, burde bruke det, har heimekontorløyvinga i Helse Vest dagleg handtert meir enn 2.600 PCar pålogga heimanfrå.

I tillegg til å leggje om brannmuren, har Tenesteproduksjon sytt for å gå frå ein til seks serverar på «reserveoppkopling» på VPN og frå ein til åtte serverar for «direkteoppkopling» (Direct Access). Desse tiltaka har sikra tilstrekkeleg kapasitet for heimearbeid under pandemien.

Det vart og sett opp to serverar i løpet av mars månad for å betre kapasiteten på Skype. Dette kombinert med noko feilretting gjorde at Skype fekk betre kapasitet enn tidlegare.

## HELSE VEST IKT INNFØRTE STRENG ENDRINGSFRYS

*For å lette trykket i helseføretaka innførte Helse Vest IKT streng endringsfrys 12. mars på viktige kliniske system og andre større støttesystem.*

I ein periode der sjukehusa hadde meir enn nok med å handtere pågangen knytt til koronaviruset, bestemte Helse Vest IKT seg for å utsetje endringar som ikkje var absolutt naudsynt.

I denne perioden var det berre kritisk eller stabiliserande feilretting og nødvendige sikkerhetspatcher som vart godkjent. For IKT-infrastruktur var det berre stabiliserande endringar som vart godkjent.

Likevel vart det gjennomført produksjonssetting av fleire viktige leveransar frå program og prosjekt i løpet av 2020, òg under den mest kritiske tida frå mars til mai.

## STOR SUKSESS MED VIDEOKONSULTASJON I HELSE VEST

*Tilbodet med videokonsultasjonar i Helse Vest har vore ein stor suksess og har fått positiv merksemd.*

Då koronasituasjonen braut ut i mars var Helse Vest raskt ute med å tilby telefon- og videokonsultasjonar til pasientane i regionen.

På den måten kunne pasientar ha dialog med legen sin heimefrå, i staden for å utsetje seg sjølv og andre for smitte ved å dra inn på sjukehuset.

Behandlaren som ynskjer å bruke videokonsultasjon, må bestille eit eige virtuelt møterom som pasienten blir kalla inn til. Det virtuelle møterommet er godt sikra for gje godt personvern til pasienten.

Personvernet til pasienten har hatt høg prioritet og det har blitt gjort mykje arbeid med å lage gode rutinar og strenge krav som skal sikre at personvernet er ivaretatt og ved ein elektronisk konsultasjon.

Pasientane får tilsendt eit elektronisk innkallingsbrev og loggar seg inn på helsenorge.no med BankID, anten via smarttelefon, PC eller nettbrett, der dei er.

I innkallingsbrevet ligg det ei lenkje som pasienten kan trykkje på for at løysinga skal opne seg. Møteromma blir låst under ein konsultasjon, slik at ingen andre kan kome inn i det virtuelle møterommet.

Løysinga har blitt godt teke imot av både legar og pasientar, som seier at løysinga er grei å bruke og fungerer fint som erstatning for ein vanleg konsultasjon. Sjukehusa ser stort potensial i løysinga og vil truleg halde fram med å bruke videokonsultasjonar etter at koronapandemien er over.





## REDUSERER SMITTEFARE MED NYTT DIGITALT KONTROLLSKJEMA

*Etter at kontrollskjemaet for pasientar som skal møte fysisk til time på sjukehuset vart lansert i mai har sjukehusa spart seg for mykje tid.*

Tidlegare måtte helsesekretærane ringe pasientar nokre dagar før planlagt oppmøte for å be om svar på spørsmål om dei kunne vere utsett for smitte av covid-19. Dette var særstidkrevjande arbeid, som gjekk utover andre oppgåver. Ofte måtte helsesekretærane ringje fleire gonger før dei fekk tak i pasienten.

15. mai vart det mogleg for pasientane å svare på eit såkalla pre-screenings-skjema via helsenorge.no.

Pasienten får SMS'ar med påminning om å svare på kontrollskjemaet 5 dagar og 24 timar før timeavtalen. I SMS'ane vert det lenka opp til meir informasjon på helseføretaket sine heimesider. Helsesekretæren treng berre å kontakte dei pasientane som har svart ja på eitt eller fleire spørsmål.

Pasientar som av ulike grunnar ikkje kan svare på skjema via Helsenorge.no, må ta kontakt direkte med avdelinga dei har time på.

## HELSENORGE.NO - DIGITALT SKJEMA FOR Å HJELPE MED OPERASJONSETTERSLEP

*For å få bukt med etterslep av operasjonar som fylgje av den fyrste smittebølga av korona, vart eit nytt digitalt pasientskjema lansert for helseføretaka i starten av juni 2020.*

Då koronaviruset braut ut i midten av mars, vart fleire viktige samfunnsfunksjonar stengt ned. I sjukehusa vart det sett i gang beredskap og fleire planlagde operasjonar og inngrep vart utsett for å unngå for stort trykk i sjukehusa.

Som fylgje av at sjukehusa var stengt for slike inngrep og operasjonar i vekevis, bygde det seg opp eit etterslep. For å gjere det raskare for sjukehusa å ta unna denne etterslepen, vart ein leveranse av eit nytt pasientskjema på helsenorge.no framskunda.

Det nye digitale skjemaet vart lansert i starten av juni og skal brukast i alle dei fire helseføretaka i Helse Vest, i tillegg til Haraldsplass Diakonale Sykehus.

Skjemaet vert sendt ut i innkallingsbrevet til pasienten, og i det digitale skjemaet må pasientane gje ei helseerklæring. Formålet er tidleg å kartlegge pasientane sin helsesituasjon for ei betre pre-operativ vurdering og planlegging av anestesiti.

På denne måten vert føretaka spart for mykje tid når pasientar kom tilbake til sjukehusa for å få gjennomført operasjonar eller inngrep.

Når skjemaet er levert på helsenorge.no dukkar det òg opp i DIPS i journalen til pasienten. Merkantil personell vert varsla om dette i ein arbeidsflyt. Pasientar som ikkje vil eller kan fylle ut skjema på helsenorge.no, har moglegheit til å skrive ut skjemaet og sende det tilbake.

## HELSENORGE.NO - DIGITALT FØDESKJEMA I BRUK HOS ALLE FØRETAK

*Denne hausten vart digitalt fødeskjema teke i bruk i føretaka i Helse Vest. Løysinga har forenkla arbeidsprosessen og sparar føretaka for tid.*

27. november vart digitalt fødeskjema teke i bruk ved Haukeland universitetssjukehus, Voss Sjukehus, Stord Sjukehus, Haugesund Sjukehus og Førde sentralsjukehus. Stavanger Universitetssjukehus har vore pilot og har brukt løysinga sidan desember 2019.

Skjemaet som omhandlar alt frå personopplysingar til informasjon om svangerskapet vert med dette registrert direkte på helsenorge.no. Dette skjer ved at pasient får lenke til skjemaet gjennom innkallingsbrev til ultralydundersøking eller via jordmor på helsestasjon.

Skjemasvaret legg seg vidare i DIPS. I tillegg vert svangerskapet automatisk oppretta i Natus av ein robot, der det òg vert laga ei oppsummering av det som er utført i eit notat.

Løysinga har til hensikt å forenkla arbeidsprosessen og spare tid for både sjukehuset og dei gravide i samband med oppfølging av svangerskap og fødsel.



## INNSJEKK OG BETALING INNFØRT I ALLE FØRETAK

*Innsjekk og betaling vart fyrst innført i Helse Stavanger. Innsjekk og betaling fekk ein hektisk, men vellukka oppstart i Helse Fonna, Helse Førde og Helse Bergen i haust.*



Det var ikkje småtterier som skulle klargjerast ved innføring av Innsjekk og betaling i oktober 2020. Det var eitt team i Bergen, eitt i Haugesund og med lokale ressursar i Stavanger var prosjektet godt rusta for den største produksjonssettinga dei har hatt til no.

Helse Stavanger HF fekk ankomstregistrering og køstyring via Imatis på 8 poliklinikkar,. I Helse Fonna fekk alle poliklinikkane, blodprøvelaben og pasientreiser ta i bruk heile Imatis-løysinga.

Helse Bergen HF sine poliklinikkar halde fram med å få innført betalingsløysinga, og har no til saman 80

poliklinikkeiningar som nyttar seg av Imatis betalingsløysing.

## IMATIS INNFØRT PÅ SENGEPOSTAR I HELSE VEST

*Gjennom innføringa av Imatis si elektroniske tavle skal sengepostane jobbe betre og meir effektivt, saman med reinhald, portør og helsesekretærer.*

Hausten 2020 starta Helse Førde HF, Helse Fonna HF og Helse Stavanger HF med innføring av Imatis si elektroniske tavle for sengepostar.

Nevro/revma/rehab i Helse Førde HF var først ut og innan året er omme skal fleire avdelingar ved sjukehuset vere i gang med Imatis. Helse Fonna HF og Helse Stavanger HF følgde etter. I løpet av februar 2021 skal alle avdelingane i Helse Stavanger HF vere i gang med Imatis.

Tilbakemeldingane frå personalet i føretaka er særskilde gode ettersom tavla legg til rette for informasjonsdeling på tvers av fag, system, avdeling og støttefunksjonar, noko helsepersonell sparar mykje tid på.

Imatis hentar informasjon frå andre elektroniske pasientsystem, og skjermen viser kva rom pasienten ligg på, status på behandling, smittestatus og kva for ein lege og sjukepleiar som har ansvar for pasienten den dagen.

I praksis ser tavla ut som ein stor TV-skjerm med touchfunksjon og kan hengje på vaktrommet på posten, eller der personalet meiner det er føremålstenleg. Helsepersonell kan òg ta opp tavla på dei smarte vaktmobilane dei har med seg for å sjå på detaljar i møte med pasienten.



## HELSE FØRDE HF LANSERTE APP FOR LUNGESJUKE

*Seksjon for Utvikling og seksjon for Innovasjon i Helse Vest IKT bidro til lansering av appen «Pust deg bedre» via helsenorge.no*

Om lag 400 000 personar har ein eller annan form for lungesjukdom i Noreg og pasientgruppa er ekstra sårbar for smitte av koronaviruset.

Våren 2020 laga Helse Vest IKT og Helse Førde HF ein app, «Pust deg bedre», som kan vere med å skjerme denne risikograppa mot konsekvensane av koronasmitte.

Då det vart klart at appen kunne vere til hjelp i denne vanskelege situasjonen, var Helse Førde HF og Helse Vest IKT raske med å gjere appen tilgjengeleg for nedlasting.



## VIRTUAL REALITY I HELSE VEST IKT – EIT FELT I UTVIKLING

*I 2020 vart VR-feltet utvikla til eit nytt nivå i Helse Vest IKT. Eit eget VR-rom vart sett opp i Helse Bergen for behandling av barn og unge. I tillegg vart det laga ein VR-simulator for helsepersonell som driv med smittevernstrening i sjukehusa.*

Det nye VR-rommet, som var på plass i tunellane under Haukeland Universitetssjukehus, er eit samarbeidsprosjekt mellom Helse Bergen og Helse Vest IKT, og er initiert av Lars Peder V. Bovim, leiar ved Energisenteret for barn og unge i Helse Bergen.

På det nye VR-rommet skal barn og unge få VR-behandling for angst, psykose og diverse andre lidningar, men tanken er òg at dei kan kome å få eit avbrekk frå kvardagen.

Ved hjelp av 150 ulike spel kan barn og unge reise til ein by dei aldri har vore før eller har moglegheit å dra til, spele volleyball, dra til ein fornøyingspark eller stå på slalom. At spela ofte gir ein treningseffekt for barna er ein stor bonus. Prosjektet fekk 500 000 i innovasjonsmidlar i fjor, og dette har i samråd med støtte frå Haukelands venner resultert i at VR-rommet endeleg vart ein realitet. Rommet skal brukast av idrettsterapeutar, fysioterapeutar og klinikarar til å behandle unge pasientar.

Rommet gir stor kapasitet til å behandle unge gjennom VR, og vil òg nyttast til å forske på eigen behandling for å lære meir om effektane.

Då koronasituasjonen braut ut i første halvdel av mars var det mangel på smittevernutstyr i føretaka. Helse Vest IKT utvikla derfor ein VR-simulator kor helsepersonell kan trene på rett bruk av smittervernustyr.

I Helse Vest IKT sin eigenutvikla VR-applikasjon kan helsepersonell trene på korrekt handhygiene, ta på og av seg smittevernustyret og gjennomføre prøvetaking av pasientar. Dei får òg feedback i VR-simulatoren med ein gong feil vert gjort.

Ved å bruke appen kan personell trene i trygge omgjevnader, utan å vere redd for å bli smitta. Ein kan berre ta på seg head-settet, og det er verken behov for å rydde eller vaske etterpå. For å gjere VR-brillene heilt trygge å bruke, har dei blitt utstyrt med ein silikonmaske, slik at dei kan spritast mellom kvar brukar.

## NY LØYSING GJER AT FØDSELSNUMMER VERT LAGA AUTOMATISK

*Ein ny integrasjon mellom Natus og Skatteetaten skal gjere at nyfødde barn får tildelt fødselsnummer automatisk. Helse Vest er først i landet med å teste ut denne heilautomatiske løysinga.*

Tidlegare vart dei nyfødde barna liggjande med to identitetar i DIPS, og identitetane måtte koplast manuelt når fødselsnummeret var klart. Det er det no slutt på. Helse Vest vart i 2020 pilot på ei ny teknisk løysing hos Skatteetaten som gjer at fødselsnummeret vert prosessert med ein gong eit born er fødd.

Det er ein robot som genererer fødselsnummeret, før det kjem tilbake via Norsk Helsenett til DIPS, og derfrå vidare til andre fagsystem som treng på denne typen informasjon.

For klinikaren betyr det at berre nokre minutt etter at fødselsmeldinga er sendt, får barnet eit fødselsnummer i Natus. Den raske tildelinga av fødselsnummer betyr betre pasientsikkerheit, mindre risiko for feil og mindre forvirring ved rekvirering av prøver og merking av barn.

## LIBRA – OPPLÆRING I LIBRA/SAP FOR HELSEFØRETAKA




*Som eit ledd i å auke kompetansen for helseføretaka som skal ta i bruk LIBRA/SAP, hadde Helse Vest IKT superbrukar- og instruktør opplæring i LIBRA 1 i august og september.*

Med heile 21 dyktige instruktørar frå Helse Vest som kunne overføre sin kompetanse og erfaringar til nye superbrukarar og instruktørar i føretaka, var Helse Vest IKT godt rusta for kursa som skulle heldast hausten 2020.

I utgangspunktet var planen å ha fysisk oppmøte og klasseromsundervisning for alle ressursane i Bergen, men etter eit beredskapsmøte i Helse Vest 10 august vart det avgjort at ikkje ein kunne ha samlingar på tvers av føretaksgrensene grunna dåverande smittesituasjon.

LIBRA-opplæringa måtte derfor gjennomførast elektronisk, men med fysisk samling i kvar by for dei fleste kursa. Å ha kursa virtuelt i staden for fysisk var ifølgje kurshaldarane og deltakarane ikkje heilt ideelt, fordi læringsutbytte ikkje såg ut til å vere fullt så godt som når ein får fysisk opplæring.

Kursa var starten på eit kompetanseløp for å byggje nye superbrukarar og lokale instruktørar i føretaka i Helse Vest som skal ta i bruk eit heilt nytt system.



## INNOVASJONSPRIS FOR SPECBASE-LØYSING

*Spesialingeniør Ralf Kellmann i Helse Bergen HF fekk i 2020 tildelt Helse Vest sin innovasjonspris for SpecBase, ei løysing utviklarane i Helse Vest IKT har arbeidd med saman med Helse Bergen i fleire år.*

SpecBase er namnet på systemet som skal halde oversikt over ein stor del av prøvedata på Hormon-laboratoriet. Løysinga samlar nemleg alle data til prøvene som vert køyrt gjennom massespektrometrimaskinane på Hormonlaboratoriet i Helse Bergen HF, anten det er ei blodprøve, urinprøve eller spyttprøve.

I november 2020 fekk spesialingeniøren og hjer-  
nen bak SpecBase, Ralf Kellmann, tildelt Helse Vest sin innovasjonspris. Med seg på laget har han hatt Helse Vest IKT sine utviklarar Morten Salomonsen, Arvid Kleppe og Andreas Flesland, som har samarbeidd tett med Helse Bergen sine tilsette på Hormonlaboratoriet.

Programmet har sett strek over alt som heiter Excel-ark og minnepennar og har redusert risikoen for feil og har letta kvar-  
dagen til dei tilsette på laboratoriet betrakteleg.

## SOLID ARBEID MED IKT-SIKKERHEIT GJENNOM HEILE ÅRET

*2020 starta med revisjon av IKT-sikkerheit utført av Riksrevisjonen. Riksrevisjonen har i 2019 og 2020 revidert IKT-sikkerheit i alle dei fire regionale helseføretaka. Riksrevisjonen gjorde fleire alvorlege funn. Helse Vest IKT starta straks arbeidet med tiltak for å auke IKT-sikkerheita.*

IKT-sikkerheit har vore og er eit særskilt viktig område for Helse Vest IKT. Det er arbeid systematisk med dette over mange år. Samstundes er dette eit område der trusselbiletet er endra og utfordringane dermed er større. Cyber-sikkerheit er svært utfordrande for samfunnet i stort.

Helse Vest IKT har gjennom 2020 gjennomført ei lang rekkje tiltak knytt til funn gjort av Riksrevisjonen. Med utgangspunkt i observasjonar frå Riksrevisjonen, er det gjort systematisk gjennomgang av alle tilsvarande manglar. Nokre av tiltaka er tidkrevjande, Helse Vest IKT har difor teke grep for å forsere dette arbeidet.

HelseCERT ved Norsk Helsenett SF utfører periodiske inntrengingstestar. I 2020 har HelseCERT test IKT-sikkerheit for Helse Vest IKT to gonger. I mai og oktober vart det utført test av mogelege angrep. HelseCERT har meldt tilbake at dei ser resultat av alle tiltak som Helse Vest IKT har gjennomført, og oppsummerer dette slik; «Generelt er inntrykket at angrepsflaten mot Helse Vest IKT er redusert».

Arbeidet med IKT-sikkerheit i Helse Vest IKT og i samarbeid med helseføretaka og Helse Vest RHF ha auka fokus framover. Trusselbiletet vil endrar seg, IKT-infrastruktur og løysingar vil utvikle seg og arbeidet med IKT-sikkerhet må halde kontinuerleg fram.



# OVERORDNA STRATEGI FOR VERKSEMDA - HELSE 2035 MED TILHØYRANDE TILTAKSPLAN

Strategiplanen «Helse2035» for Helse Vest RHF gjev retning for arbeidet til Helse Vest IKT. Helse2035 beskriv på eit overordna plan korleis vi skal utvikle spesialist-helsetenestene på Vestlandet fram mot 2035.

Følgjande er henta frå samandraget i Helse2035 og gjev eit godt bilete av utfordringane som ligg framfor;

«Ei god og effektiv tilnærming til det heilskaplege pasientforløpet krev innføring og bruk av ei solid digital plattform og bruk av nye teknologiske løysingar. Då kan vi yte tenestene nærmare pasienten – ofte der folk bur og oppheld seg. Alle aktørane i helsetenestene må kunne dra nytte av dei same IKT-løysingane. Pasientane skal òg bidra meir aktivt enn før, og sjølvbetening, eigenrapportering, automatisering, virtuelle tenester og robotisering av arbeidsprosessar skal vere regelen heller enn unnataket. Sensorar, stordata og diagnostikk i sanntid vil, saman med nye medisinar og medisinske metodar, gi høgare kvalitet og lågare ressursbruk.»

Gjennom 2020 har Helse Vest IKT delteke i ei rekkje nasjonale, inter-regionale, regionale og lokale program og prosjekt som i sum skal bidra til realisering av Helse 2035.



# REKNESKAPSRESULTAT

*Rekneskapsmessig resultat for 2020 var eit underskot på 8,1 mill. kr. Resultatet er 9,1 mill. kr under budsjett, og dårlegare enn forventet. Noko av underskotet skuldast ekstra kostnader som følge av Covid-19 pandemi.*

Akkumulert rekneskapsmessig resultat for perioden frå 2004 – 2020 visar eit overskot på 33,0 mill. kr.

Dei totale inntektene var 1 226,8 mill. kr. Av desse var 1 117,9 mill. kr sal av tenester til helseføretaka, 32,6 mill. kr sal av IKT-utstyr, 53,6 mill. kr sal av tenester til eksterne kundar og 22,7 mill. kr anna inntekt (i hovudsak knytt til tilskot frå Helse Vest RHF).

Totalt driftskostnader var 1 228,5 mill. kr med hovudgruppene varekostnad 35,2 mill. kr, personalkostnader 383,2 mill. kr, avskrivningar 292,4 mill. kr og andre driftskostnader 517,7 mill. kr. Med netto finanskostnader på 6,5 mill. kr gjev dette årsresultatet på -8,1 mill. kr.

## BALANSE

Totalkapitalen per 31.12.2020 var 1 830,3 mill. kr. Anleggsmiddel utgjorde 82,9 % av totalkapitalen. Balanseført eigenkapital var 184,3 mill. kr og utgjorde dermed 10,1%.

## FINANSIELL STILLING

Likviditetsbeholdning var 87,9 mill. kr og soleis tilfredsstillande. Auken i gjeldsgrad og reduksjon i soliditet held fram på grunn av store investeringsprosjekt. Ein nærmar seg eit punkt der selskapet er sjølvfinansiert gjennom eigne avskrivningar og kan nedbetale gjeld og auke soliditeten. Føresetnaden om vidare drift er lagt til grunn for selskapet sin årsrekneskap for 2020.

## OM MILJØ

Sjukefråvær for dei tilsette i Helse Vest IKT var i 2020 på 4,0%, noko lågare enn i 2019 på 5,0 %, begge inklusive eigenmeldt sjukefråvær. Sjukefråværet er det lågaste i Helse Vest IKT si historie, og skuldast mellom anna betre smittevern og bruk av heimekontor grunna Covid-19 pandemi.

Helse Vest IKT er ein relativt ny organisasjon samansett av ulike IT-avdelingar med ulik bakgrunn, kultur og identitet. Organisasjonsutvikling mot felles verdiar, god lagånd og omstilling frå forvaltningskultur til ein kundeorientert kultur har vore viktige utfordringar for selskapet. Helse Vest IKT opplever å ha kome langt i arbeidet med ein god og felles kultur på tvers av lokasjonar og avdelingar, internt i selskapet og i samarbeidet med helseføretaka i Helse Vest.

## YTRE MILJØ

Helse Vest IKT AS si verksemd ureinar ikkje det ytre miljø. Selskapet samarbeider med helseføretaka om miljømessig gjenvinning av avfall. Helse Vest IKT fokuserer på bruk av elektroniske møter for å redusere reiseaktivitet. Selskapet er sertifisert etter ISO 14001:2015, og revisjon frå Kiwa vart gjennomført i januar/februar 2021.

## EIGARTILHØVE

Helse Vest IKT AS er eigd 100% av Helse Vest RHF. Per 31.12.2020 hadde selskapet ein aksjekapital på NOK 1 000 000 fordelt på 2 000 aksjar, kvar pålydande NOK 500.

## LIKESTILLING

43 % av dei eigarvalde styrerepresentantane er kvinner. 36 % kvinner i styret samla sett. 30 % av leiinga (inkl. stabslønarar) er kvinner, 17 % av avdelingsleiarane er kvinner, 33 % av seksjonsleiarane er kvinner.

Fordeling alle tilsette var i 2020 213 kvinner (35%) og 395 menn (65%), for midlertidige tilsette var fordelinga 23% kvinner og 77% menn, og for deltidstilsette 54% kvinner og 46% menn. Gjennomsnittleg tal på veker foreldrepermisjon var 12,9 veker for kvinner og 12,6 veker for menn.

Helse Vest IKT AS tilset den best kvalifiserte søkjaren til stillingar uavhengig av kjønn. Selskapet vurderer det som viktig å ha bredde i arbeidsstyrken og vil føretrekke kvinner i stillingar innanfor mannsdominerte seksjonar og menn innanfor kvinnedominerte seksjonar, når andre kvalifikasjonar elles er like.

Helse Vest IKT AS gjennomfører årleg ei medarbeidarundersøking av område for forbetring, der ein mellom anna kartlegg tryggleiksklima, psykososialt arbeidsmiljø og opplevd leiaråtfærd. Her vert det gitt tilbakemeldingar på område som truslar og vold, mobbing eller trakassering, seksuell trakassering, diskriminering, konflikthandlingar og oppfølging av desse. Undersøkinga vert følgt opp i avdelingar og seksjonar, samt med verneteneste og tillitsvalde. Undersøkinga er nasjonal for alle helseføretak og underliggende einingar. I tillegg er det lagt til rette for å melde avvik om trakassering, diskriminering m.v., desse vert følgt opp av leiar av eining.

## DISPONERING AV ÅRSRESULTATET

Årsresultatet for 2020 var eit underskot på kr 8 143 853. Styret foreslår for selskapet si generalforsamling at underskotet vert ført mot annan eigenkapital.

## UTSIKTER FRAMOVER

Helse Vest IKT AS har som mål å være den føretrekte strategiske partner for heile helseføretaksgruppa Helse Vest. Gjennom å nå visjonen om å bidra til forenkling av pasienthandsaminga, vil selskapet gje bidrag til at helseføretaka realiserer sine strategiar. Det grunnleggande utgangspunkt for alt arbeid i Helse Vest IKT er at Tenesteavtalen med våre kundar skal overhaldast og at Helse Vest IKT skal levere sine bidrag til prosjekt i tråd med porteføljen som er vedteken i Helse Vest.

Styret takkar dei tilsette for godt arbeid gjennom nok eit spennande år.

### STAVANGER, 17.03.2021 STYRET FOR HELSE VEST IKT

Inger Cathrine Bryne  
styreleder

Olav Klausen  
styremedlem

Eivind Gjerdal  
styremedlem

Tor Albert Ersdal  
styremedlem

Clara Gram Gjesdal  
styremedlem

Beate Sander Krogstad  
styremedlem

Lasse Monstad  
styremedlem

Agnete Sjøtun  
styremedlem

Lars-Erik Baugstø-Hartvigsen  
styremedlem

Arve Varden  
styremedlem

Stian Hoell  
styremedlem

Ole Jørgen Kirkeluten  
administrerande direktør





# RESULTATREKNESKAP 2020

Alle tall i 1000 NOK

	Note	2020	2019
Driftsinntekter og driftskostnader			
Basisramme	2	13 640	14 957
Anna driftsinntekt	2	1 213 170	1 137 251
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>2</b>	<b>1 226 810</b>	<b>1 152 208</b>
Varekostnad		35 196	22 933
Lønn og andre personalkostnader	3	383 221	354 234
Ordinære avskrivninger	6	292 359	259 846
Andre driftskostnader	4	517 680	494 537
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>1 228 456</b>	<b>1 131 550</b>
<b>Resultat frå drifta</b>		<b>-1 647</b>	<b>20 658</b>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Finansinntekter	5	718	1 718
Andre finanskostnader	5	7 215	13 939
<b>Netto finansresultat</b>		<b>-6 497</b>	<b>-12 221</b>
<b>Resultat for året</b>		<b>-8 144</b>	<b>8 437</b>
<b>Overføringer</b>			
Overført annan egenkapital	11	-8 144	8 437
<b>Sum overføringer</b>		<b>-8 144</b>	<b>8 437</b>



# BALANSEREKNESKAP 2020

## EIGEDELAR

Alle tall i 1000 NOK

	Note	2020	2019
<b>Anleggsmidler</b>			
<b>Immaterielle driftsmidler</b>			
Lisensar og programvare	6	1 257 448	1 114 095
<b>Sum immaterielle egedelar</b>		<b>1 257 448</b>	<b>1 114 095</b>
<b>Varige driftsmidler</b>			
Medisinskteknisk utstyr, inventar, transportmiddel o.l	6	187 406	249 853
Anlegg under utføring	6	67 440	31 989
<b>Sum varige driftsmidler</b>		<b>254 846</b>	<b>281 842</b>
<b>Finansielle anleggsmidler</b>			
Investering i andre aksjar og partar	7	5 250	4 452
<b>Sum finansielle anleggsmidler</b>		<b>5 250</b>	<b>4 452</b>
<b>Sum anleggsmidler</b>		<b>1 517 544</b>	<b>1 400 388</b>
<b>Omløpsmidlar</b>			
Varer	8	5 217	2 678
Krav	9,17	219 722	243 578
Bankinnskot, kontantar og liknande	10	87 865	51 262
<b>Sum omløpsmidlar</b>		<b>312 804</b>	<b>297 518</b>
<b>SUM EIGEDELAR</b>		<b>1 830 348</b>	<b>1 697 907</b>



## EIGENKAPITAL OG GJELD

Alle tall i 1000 NOK

	Note	2020	2019
<b>Eigenkapital</b>			
<b>Innskoten eigenkapital</b>			
Føretakskapital	11	1 000	1 000
Annan innskoten eigenkapital	11	150 319	150 319
<b>Sum innskoten eigenkapital</b>		<b>151 319</b>	<b>151 319</b>
<b>Opptent eigenkapital</b>			
Annan eigenkapital	11	33 016	41 160
<b>Sum opptent eigenkapital</b>		<b>33 016</b>	<b>41 160</b>
<b>Sum eigenkapital</b>	<b>11</b>	<b>184 335</b>	<b>192 478</b>
<b>Gjeld</b>			
<b>Avsettingar for forpliktingar</b>			
Pensjonsforpliktingar	12	84 568	81 389
Andre avsettingar for forpliktingar	13	5 900	9 821
<b>Sum avsettingar for forpliktingar</b>		<b>90 468</b>	<b>91 210</b>
<b>Anna langsiktig gjeld</b>			
Langsiktig gjeld til føretak i same konsern	14,17	1 339 546	1 161 855
<b>Sum anna langsiktig gjeld</b>		<b>1 339 546</b>	<b>1 161 855</b>
<b>Sum langsiktige forpliktingar og anna langsiktig gjeld</b>		<b>1 430 014</b>	<b>1 253 065</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Skuldige offentlege avgifter		34 037	31 031
Anna kortsiktig gjeld	15,17	181 962	221 333
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>215 999</b>	<b>252 364</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>1 646 013</b>	<b>1 505 428</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>1 830 348</b>	<b>1 697 907</b>





**STAVANGER, 17.03.2021**  
**STYRET FOR HELSE VEST IKT**

Inger Cathrine Bryne  
styreleder

Olav Klausen  
styremedlem

Eivind Gjemdal  
styremedlem

Tor Albert Ersdal  
styremedlem

Clara Gram Gjesdal  
styremedlem

Beate Sander Krogstad  
styremedlem

Lasse Monstad  
styremedlem

Agnete Sjøtun  
styremedlem

Lars-Erik Baugstø-Hartvigsen  
styremedlem

Arve Varden  
styremedlem

Stian Hoell  
styremedlem

Ole Jørgen Kirkeluten  
administrerende direktør



# KONTANTSTRÅUMOPPSTILLING 2020

Alle tall i 1000 NOK

	2020	2019
<b>Kontantstråumar frå operasjonelle aktivitetar</b>		
Årsresultat	-8 144	8 437
Ordinære avskrivningar	292 359	259 846
Endring i omløpsmidlar	21 317	-89 026
Endring i kortsiktig gjeld	-36 365	63 542
Forskjell kostnadsført pensjon og inn-/utbetalingar i pensjonsordningar	3 179	4 454
Inntektsført investeringstilskott	-3 921	-8 031
<b>Netto kontantstråum frå operasjonelle aktivitetar</b>	<b>268 426</b>	<b>239 223</b>
<b>Kontantstråum frå investeringsaktivitetar</b>		
Utbetaling ved kjøp av varige driftsmidlar	-408 715	-439 426
Utbetalinger ved kjøp av andre finansielle eiendeler	-799	-718
<b>Netto kontantstråum frå investeringsaktivitetar</b>	<b>-409 514</b>	<b>-440 145</b>
<b>Kontantstråumar frå finansieringsaktivitetar</b>		
Innbetaling ved opptak av ny langs. gjeld	180 000	185 000
Utbetaling ved nedbetaling av langs.gjeld	-2 309	-2 309
<b>Netto kontantstråum frå finansieringsaktivitetar</b>	<b>177 691</b>	<b>182 691</b>
Netto endring i likviditet	36 603	-18 231
Likvide midlar 01.01	51 262	69 494
<b>Likvide midlar 31.12</b>	<b>87 865</b>	<b>51 262</b>
<b>Likviditetsreserve 31.12</b>	<b>87 865</b>	<b>51 262</b>



## **NOTE 1 REKNESKAPSPRINSIPP**

### **GENERELT OM REKNESKAPEN**

Rekneskapen for 2020 er sett opp i samsvar med Rekneskapslova av 1998, jf. Lov om helseføretak. Den er utarbeidd etter norske rekneskapsstandardar og retningsliner gjeve av eigar.

Helse Vest IKT AS vart stifta som eige aksjeselskap 01.11.2004 etter aksjelova. På same tida vart anleggsmiddel og forpliktingar overført til Helse Vest IKT AS som tingsinnskot.

I opningsbalansen vart anlegga verdsett til bokført restverdi etter frådrag for avskrivningar.

### **KONSOLIDERING**

Helse Vest IKT AS går inn i konsernrekneskapen til Helse Vest og utarbeider ikkje eigen konsernrekneskap. Konsernspissen Helse Vest RHF utarbeider den konsoliderte rekneskapen. Konsernrekneskapen utleverast på førespurnad ved å henvende seg til Helse Vest RHF, Nådlandskroken 11, 4034 Stavanger.

### **GRUNNLEGGJANDE PRINSIPP - VURDERING OG KLASSIFISERING**

Årsrekneskapen er bygd på dei grunnleggjande prinsippa om historisk kost, samanstilling, vidare drift, kongruens og varsemnd. Transaksjonar rekneskapsførast til verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet. Inntekter resultatførast når dei er opptente og kostnadar samanstillast med opptente inntekter.

### **PRINSIPP FOR INNTEKTSFØRING**

#### **RAMMETILSKOT**

Rammetilskot frå Helse Vest vert inntektsført i det året tilskotet er gitt for.

#### **ANDRE INNTEKTER**

Øymerka tilskot vert inntektsførte i takt med bruk av midlane. Tilskot til investeringar vert inntektsførte i same periode som avskrivningane på dei aktuelle investeringane.

Gåver vert brukt i samsvar med dei vilkåra eller ynskje givar har for bruk av midlane. Dersom givar har vilkår eller ynskje om at gåva skal brukast til konkrete aktivitetar, prosjekt eller investeringar, klassifiserast ho som tilskot og rekneskapsførast etter reglane for øymerka tilskot.

Sal av varer vert inntektsført ved levering. Tenester vert inntektsførte i den perioden dei vert utførte.

#### **KOSTNADSFØRINGSTIDSPUNKT SAMANSTILLING**

Utgifter vert samanstillt med og kostnadsførast samtidig med inntektsføring av dei inntekter utgiftene kan knytast til. Utgifter som ikkje kan knytast direkte til inntekter, kostnadsførast når dei vert pådregne.

#### **KLASSIFISERING OG VURDERING AV BALANSEPOSTAR**

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eit år etter anskaffingstidspunktet, og dessutan postar som knyter seg til varekrinsløpet. Andre postar er klassifiserte som anleggsmidlar/langsiktig gjeld.

Omløpsmidlar er vurderte til lågaste av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig vert balanseført til nominelt beløp på opptakstidspunktet.

Vurdering av anleggsmidlar skjer til kostpris. Anleggsmidlar som har avgrensa økonomisk levetid skal avskrivast etter ein plan. Anleggsmidlar vert nedskrivne til verkeleg bruksverdi ved verdifall som ikkje må ventast å vere forbigående. Nedskrivninga vert reversert i den grad grunnlaget for nedskrivninga ikkje lenger er til stades.

Langsiktig gjeld vert balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet. Første års avdrag på langsiktig gjeld visast som langsiktig gjeld.

#### **IMMATERIELLE EIGEDELAR**

Utgifter til forskning og utvikling er kostnadsførte, då samanhangen mellom utgifter til forskning og utvikling og tilhøyrande framtidige inntekter er uklar. I særskilde høve vil eiga forskning og utvikling kunne medføre at det vert framkalla ein eigen godtgjort og vesentleg kontantstraum. Om slike kontantstraumar kan forventast, vert slik forskning og utvikling aktivert.

Utgifter til andre immaterielle eigedelar er balanseførte i den utstrekning kriteria for balanseføring er oppfylt, det vil seie at det forventast at dei vil gje framtidige inntekter eller vesentlege reduksjonar i framtidige kostnadar. Dette gjeld





i hovudsak utgifter til lisensar og programvare. Immaterielle eigedelar som er balanseførte avskrivast lineært over forventa økonomisk levetid frå det tidspunktet eigedelen vert teken i bruk.

#### **VARIGE DRIFTSMIDLAR**

Varige driftsmidlar omfattar eigedom, anlegg og utstyr som er rekna for bruk i produksjon, levering av varer eller administrative føremål og som har varig levetid. Desse balanseførast til kost fråtrekt eventuelle akkumulerte av- og nedskrivningar.

Driftsmidlar reknast som varige dersom dei har ei økonomisk levetid på over 3 år, samt ein kostpris på over kr 100 000.

Varige driftsmidlar avskrivast hovudsakleg lineært over økonomisk levetid frå det tidspunktet driftsmidlane vert teke i bruk. Det vert teke omsyn til utrangeringsverdi når avskrivingsplanane vert fastsette. Dersom det finst indikasjonar på at driftsmidlar har falle i verdi, vert driftsmidlane nedskrivne til den verdien som kan attvinnast dersom denne er lågare enn regnskapsført verdi.

Påkostnadar eller betringar vert lagde til driftsmidlets kostpris og avskrivne i takt med driftsmidlet, mens utgifter til vedlikehald og reparasjonar vert kostnadsførte etter kvart som dei kjem på.

Ved sal og utrangering av anleggsmidlar vert vinning ført under andre driftsinntekter og tap under andre driftskostnadar.

#### **EIGENKAPITALINNSKOT I KLP**

Eigenkapitalinnskot i KLP er separate finansielle eigedelar og vert vurderte til kostpris, men vert nedskrivne til verkeleg verdi ved verdifall som ikkje må ventast å vera forbigåande.

#### **PENSJONAR**

Pensjonsordninga er behandla i rekneskapen etter Norsk Rekneskapsstandard, NRS 6 Pensjonskostnadar. Føretaksgruppa følgjer oppdatert rettleiing om pensjonsføresetnadar frå Norsk Regnskapsstiftelse justert for føretaksspesifikke forhold. Parameter som er nytta går fram av note om pensjonar. Helseregionenes pensjonsordningar, medrekna AFP, er å rekne som ytingsbaserte planar.

Pensjonskostnadar og pensjonsforpliktingar vert utrekna etter lineær opptening basert på føresetnadar om diskontingsrente, framtidig regulering av lønn, pensjonar og ytingar frå folketrygda, framtidig avkastning på pensjonsmidlane og føresetnadar frå aktuaren om dødelegheit, frivillig avgang osv.

Pensjonsmidlane er vurderte til verkeleg verdi. Netto pensjonsforplikting består av brutto pensjonsforplikting fråtrekt verkeleg verdi av pensjonsmidlane. Netto pensjonsforplikting balanseførast som avsetning for forpliktingar, mens overfinansiert pensjonsordning er klassifisert som langsiktig fordringar i balansen. Arbeidsgivaravgift er lagt til for begge ordningane.

Endringar i forpliktinga som kjem av endringar i pensjonsplanar vert fordelte over pårekna gjennomsnittleg attverande oppteningstid. Endringar i pensjonsforpliktingar og pensjonsmidlar som kjem av endringar i og avvik mot føresetnadene i utrekningane (estimatendringar) er fordelte over pårekna gjennomsnittleg attverande oppteningstid for den del av avvika som overstig 10 prosent av det høgaste av brutto pensjonsforpliktingar og pensjonsmidlar (korridor). Pårekna gjennomsnittleg attverande oppteningstid er sett til 12 år.

Periodens netto pensjonskostnad er inkludert i lønn og sosiale kostnadar, og utgjer summen av periodens pensjonsopptening, rentekostnad på berekna pensjonsforplikting, forventa avkastning av pensjonsmidlane, resultatført verknad av endringar i estimat og pensjonsplanar, resultatført verknad av avvik mellom faktisk og forventa avkastning, samt periodisert arbeidsgivaravgift.

Usikkerheita er i stor grad knytt til bruttoforplikting og ikkje til den nettoforplikting som kjem fram i balansen. Estimattendringar som fylgje av endring i nemnte parameter vil i stor utstrekking periodiserast over gjennomsnittleg attverande oppteningstid og ikkje straks belaste resultatregnskapet slik som andre estimattendringar.

Arbeidstakars del av pensjonspremien er kome til frådrag i lønnskostnaden.

#### **VARELAGER**

Lager av innkjøpte varer er verdsett til lågaste av innkjøpskost etter FIFO- prinsippet og verkeleg verdi. Om det av systemårsaker har vore umogeleg å nytte FIFO-prinsippet, er gjennomsnittsprisen lagd til grunn. Nedskrivning for pårekneleg ukurans er gjort i samsvar med god rekneskapsskikk.

## **KRAV**

Kundekrav og andre krav er førte i balansen til pålydande etter frådrag for avsetting til venta tap. Avsetting til tap kjem fram etter ei konkret vurdering av enkeltkrav og av dei samla krava. Det er i tillegg gjort sjablongmessig avsetting for dei krava det ikkje er gjort konkret avsetting for. Den sjablongmessige avsettinga er gjort på grunnlag av aldersfordeling av fordringsmassen.

## **UVISSE FORPLIKTINGAR**

Om det er meir sannsynleg enn ikkje at ei forplikting vil kome til oppgjer, og verdien kan bereknast påliteleg, vert det avsett for den uvisse forpliktinga etter beste estimat.

## **SEGMENT**

Inndelinga i segment bygger på interne styrings- og rapporteringsføremål i føretaket. Det vert presentert tal for verksamdområda. Tala er avstemt mot årsresultat- og balanse i føretaket. Ein har i tillegg klassifisert inntektene etter geografi med utgangspunkt i bustaden til pasientane.

## **KONTANTSTRAUMOPPSTILLING**

Kontantstraumoppstillinga er utarbeidd etter den indirekte metoden. Dette inneber at ein i analysen tek utgangspunkt i årsresultatet for føretaket for å kunne presentere kontantstraumar tilførte frå høvesvis ordinær drift, investeringsverksemd og finansieringsverksemd.

## **KONSERNKONTOORDNING**

Det er etablert konsernkontoordning i SR-bank. Innskot og gjeld innanfor denne ordninga er i rekneskapen for føretaket klassifisert som kortsiktig krav/gjeld til Helse Vest RHF.

## **VALUTA**

Pengepostar i utanlandsk valuta er vurderte etter kursen ved utgangen av rekneskapsperioden.

## **ENDRINGAR I REKNESKAPSPRINSIPP OG FEIL**

Verknad av endringar i rekneskapsprinsipp og korrigeringar av vesentlege feil i tidlegare årsrekneskap vert førte direkte mot eigenkapitalen og samanlikningstal er endra.

## **SAMANLIKNINGSTAL FOR FØRRE ÅRET**

Der ny klassifisering er meir korrekt, er samanlikningstal endra tilsvarande.

## **SKATT**

Helseføretaket er ikkje skattepliktig etter statsføretakslova.



## NOTE2 DRIFTSINNTEKTER

Heile 1000 kroner

	2020	2019
Tenestosal helseføretaka	1 117 903	1 045 522
IKT-utstyr	32 559	26 151
Tenestosal eksterne	53 637	44 395
Anna	22 711	36 140
<b>Sum</b>	<b>1 226 810</b>	<b>1 152 208</b>

## NOTE3 LØNN OG ANDRE GODTGJERSLER

Heile 1000 kroner

	2020	2019
Lønnskostnadar	367 807	340 871
Arbeidsgivaravgift	49 265	48 384
Pensjonskostnadar inkl. arbeidsgivaravgift	57 563	59 890
Andre ytingar	5 605	6 982
- Balanseførte lønnskostnadar egne tilsette	-97 019	-101 893
<b>Sum lønn og personalkostnadar</b>	<b>383 221</b>	<b>354 234</b>
Gjennomsnittleg tal på tilsette	608	580
Gjennomsnittleg tal på årsverk	597	570
	<b>2020</b>	<b>2019</b>
Godtgjersle til styret	627	570

Som tiltakspakke for å handtere dei økonomiske konsekvensane av koronautbrotet vedtok Stortinget i revidert nasjonalbudsjett ein reduksjon i satsen for arbeidsgjevaravgift med 4%-poeng for 3. termin i 2020. For Helse Vest IKT AS utgjer dette ein reduksjon i kostnad til arbeidsgjevaravgift på kr 2 806 007.



Godtgjersle til medlem av styret							Ytingar frå andre føretak i Helse Vest	
Namn	Tittel	Styrehonorar	Lønn	Anna godtgjersle	Sum	Tenesteperiode	Honorar/lønn	Anna godtgjersle
Bryne, Inger Cathrine	Styreleiar	0	0	0	0	06-12	2 097	14
Nilssen, Herlof	Styreleiar	0	0	0	0	01-06	2 514	22
Gjemdal, Eivind	Styremedlem	105	0	0	105	01-12		
Klausen, Olav	Styremedlem	0	0	0	0	01-12	1 800	5
Ersdal, Tor ALbert	Styremedlem	0	0	0	0	01-12	1 493	5
Gjesdal, Clara Gram	Styremedlem	0	0	0	0	01-12	1 541	5
Krogstad, Beate Sander	Styremedlem	105	0	0	105	01-12		
Varden, Arve	Styremedlem	0	0	0	0	01-12	1748	7
Baugstø-Hartvigsen, Lars Erik	Styremedlem	105	0	0	105	01-12		
Sjøtun, Agnete	Styremedlem	105	0	0	105	01-12		
Midttun, Ørjan	Styremedlem	105	0	0	105	01-12		
Hoell, Stian	Styremedlem	105	0	0	105	01-12		
<b>Sum</b>		<b>627</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>627</b>		<b>11 193</b>	<b>58</b>

Heile 1000 kroner

Fastsetting av styregodtgjering er gjort i generalforsamling 11.06.2020.

Det er ikkje gjeve lån eller garantiar til styreleiar eller andre medlemmer av styret i Helse Vest IKT AS. Det er ikkje inngått avtale om sluttvederlag eller liknande for dagleg leiar.



Lønn og anna godtgjersle til leiande personell							Lønn frå andre føretak i Helse Vest jf lønns- og trekkoppgåve for 2020	
Namn	Tittel	Lønn	Pensjon	Anna godtgjersle	Sum	Tenesteperiode 1)	Lønn	Pensjon og anna godtgjersle
Andersen, Ørjan	Avdelingsleiar	1 098	232	5	1 336	01-12		
Eldøy, Fredrik	Avdelingsleiar	1 008	172	5	1 185	01-12		
Fagerli, Gjertrud	Avdelingsleiar	1 076	254	5	1 335	01-12		
Flaten, Harald	Avdelingsleiar	1 076	189	116	1 382	01-12		
Granerud, Geir	Avdelingsleiar	1 060	219	6	1 286	01-12		
Hansen, Erik M.	Adm.dir	1 674	259	7	1 940	01-12		
Nordland, Leif	Økonomi og HR sjef	1 128	252	5	1 386	01-12		
Råheim, Vidar	Avdelingsleiar	945	216	6	1 168	01-12		

Heile 1000 kroner

1) Tenestetid/-periode er perioden i rekneskapsåret vedkommande har vore deltakar i føretaket si leiargruppe.

Det er ikkje gjeve lån eller garantiar til administrerande direktør eller andre i leiargruppa i Helse Vest IKT AS.

Det er ikkje inngått avtale om sluttvederlag eller liknande for dagleg leiar.

#### ERKLÆRING OM FASTSETJING AV LØNN OG GODTGJERSLE

Helse Vest IKT AS definerer personar i stillingane administrerande direktør, avdelingsleiar og økonomi- og HR sjef som leiande personell.

Helse Vest IKT AS følgjer «Retningsliner for tilsetjingsvilkår for leiarar i statlege føretak og selskap med statleg eiarandel», kor hovudprinsippet er at leiarlønningane i føretaka skal vere konkurransedyktige, men ikkje lønnsleiande samanlikna med tilsvarande føretak. Føretaket skal bidra til moderasjon i leiarlønningane.

#### UTGREIING LEIARLØNNSPOLITIKKEN I 2020

Lønn og godtgjersle til administrerande direktør er behandla og fastsett av styret i styresak 104/20, 10.12.2020. Lønn og godtgjersle for anna leiande tilsette er fastsett administrativt.

#### LØNN TIL MEDLEM I LEIARGRUPPA BLEI I 2020 JUSTERT SLIK:

Namn	Tittel	Gammal lønn	Ny lønn	Auke i prosent
Andersen, Ørjan	Avdelingsleiar	1 069	1 087	1,7%
Eldøy, Fredrik	Avdelingsleiar	981	998	1,7%
Fagerli, Gjertrud	Avdelingsleiar	1 047	1 065	1,7%
Flaten, Harald	Avdelingsleiar	1 035	1 053	1,7%
Granerud, Geir	Avdelingsleiar	1 032	1 050	1,7%
Hansen, Erik M.	Adm.dir	1 631	1 659	1,7%
Nordland, Leif	Økonomi og HR sjef	1 098	1 117	1,7%
Råheim, Vidar	Avdelingsleiar	920	936	1,7%

Heile 1000 kroner

I tillegg til lønn har medlemmane i leiargruppa fri bruk av mobiltelefon og mogelighet for dekning av internett og avis. Lønnsjusteringane er gjennomført etter andre lønnsjusteringar i helseregionen, men er gjort gjeldande for heile 2020 for administrerande direktør og for avdelingsleiarane.

## RETNINGSLINER FOR 2020

Til grunn for Helse Vest IKT sine retningslinjer for tilsetjingsvilkår for leiarar i statlege føretak og selskap, fastsett av Nærings- og fiskeridepartementet med verknad frå 13.2.2015. Retningslinjene erstattar retningslinjene fastsett av Regjeringa Stoltenberg II 31.3.2011. Hovudprinsippet om at leiarlønningane i føretaket skal vere konkurransedyktige, men ikkje lønnsleiande er vidareført. Staten som eigar har lagt vekt på at det skal vera moderasjon. Retningslinjene har ikkje tilbakeverkande kraft. Eigar v/Helse- og omsorgsdepartementet presiserer at retningslinjene skal følgjast, og at styret og administrerande direktør ikkje har høve til å inngå avtaler utover retningslinenes rammer.

### Fastsetting av basislønn

Ved fastsetting av basislønn skal følgjande kriterium leggast til grunn:

- Lønnsutviklinga i føretaksgruppa Helse Vest generelt
- Lønnsutviklinga i samanliknande stillingar
- Resultatvurderingar i høve til dei mål og krav styret har sett.

Dette inneber at årlege justeringar av leiarlønningane ikkje skal skje før dei årlege tariffoppgjera i spesialisthelsete-nesta er avslutta.

Lønnsjusteringane gjeld frå 1. januar 2020 for administrerande direktør og leiargruppa.

### Naturalytingar

Ytingane vert vurdert i høve til kva trong leiar har for å fungera i stillinga, likevel avgrensa til:

- Mobiltelefonordning i tråd med kva som er fastsett i føretaket
- Alminnelege forsikringsordningar i høve til lov og avtaler
- Eventuelt avisabonnement

### Pensjonsordning

Leiande tilsette skal vere omfatta av offentleg tenestepensjon på lik linje med andre tilsette sine vilkår. Det vil seie gjen-nom ordinær ordning i KLP. Det er ikkje høve til å inngå avtale om pensjon utover ordinære vilkår gjennom KLP.

### Sluttvederlag

Ved fastsetting av sluttvederlag gjeld følgjande prinsipp:

- Det kan ikkje avtalast sluttavtale for andre leiande tilsette enn administrerande direktør. Avtale om sluttvederlag krev at administrerande direktør fråskriv seg fastsetjing om oppseingsvern i arbeidsmiljølova. Sluttvederlag skal ikkje nyttast når leiaren har teke initiativ til oppseiinga.
- For andre leiande tilsette kan det avtalast forhandsavtale om rimeleg sluttvederlag som får verknad dersom leiande tilsett ikkje motseier seg oppseiinga. Slik avtale kan inngåast i tilknytning til oppseiinga.
- Sluttvederlag og lønn i oppseiingstida skal i sum ikkje overstige 12 månadar og til frådrag i sluttvederlaget kjem andre inntekter opptent i perioden.

### Variable godtgjeringsar eller særskilte ytingar som kjem i tillegg til basislønn

Det vert ikkje gitt variable tillegg til leiande tilsette i Helse Vest IKT AS.

### Andre høve

Personar i leiinga skal ikkje ha særskilt godtgjersle for styreverv i andre føretak i same føretaksgruppe.

## GODTGJERSLE TIL REVISOR

Heile 1000 kroner

Revisjon etter lova

Utvida revisjon

2020

158

5

163

2019

175

13

188

**Honorar til revisor i høve til inngått avtale:**

220

175

Honorar er oppgitt eksklusive meirverdiavgift.



## NOTE4 ANDRE DRIFTSKOSTNADAR

<i>Heile 1000 kroner</i>	2020	2019
Kostnader lokale inkl. energi og brensel	37 634	35 893
Kjøp og leige av medisinskteknisk utstyr, mv	12 147	12 408
Reparasjon, vedlikehold og service	10 877	9 537
Konsulenttenester	81 574	52 088
Anna ekstern teneste	28 264	24 498
Kontor- og kommunikasjonskostnader	38 367	38 207
Kostnader i samband med transportmiddel	97	126
Reisekostnader	3 932	11 741
Forsikringskostnader	420	327
Andre driftskostnader	304 369	309 713
<b>Sum andre driftskostnader</b>	<b>517 680</b>	<b>494 537</b>

## NOTE5 FINANSPOSTER

<i>Heile 1000 kroner</i>	2020	2019
Andre renteinntekter	718	1 621
Andre finansinntekter	0	97
<b>Sum finansinntekter</b>	<b>718</b>	<b>1 718</b>
Interne rentekostnader i føretaksgruppa	6 712	13 678
Andre rentekostnader	11	40
Andre finanskostnader	492	222
<b>Sum finanskostnader</b>	<b>7 215</b>	<b>13 939</b>

## NOTE6 IMMATERIELLE EIGEDELAR OG VARIGE DRIFTSMIDLAR

### IMMATERIELLE EIGEDELAR

<i>Heile 1000 kroner</i>		Lisensar og programvare	Prosjekt under utvikling	Sum
Kostpris 01.01		1 687 486	433 812	2 121 298
Tilgang		422 326		422 326
Tilgang verksemdsoverdraging				
Avgang		-602 066	-90 872	-692 938
Frå prosjekt under utvikling				
<b>Kostpris 31.12</b>	<b>0</b>	<b>1 507 746</b>	<b>342 940</b>	<b>1 850 686</b>
Akkumulerte avskrivningar		593 239		593 239
Akkumulerte nedskrivningar				
<b>Balanseført verdi 31.12</b>	<b>0</b>	<b>914 507</b>	<b>342 940</b>	<b>1 257 448</b>
Ordinære avskrivningar i året		163 548		163 548
Ordinære nedskrivningar				
Levetid		5 - 10 år		
Avskrivningsplan		lineær		

**VARIGE DRIFTSMIDLAR***Heile 1000 kroner*

	Tomter og bustader	Bygningar	Anlegg under utføring	Medisinsk-teknisk	Transport-middel, inv.og utstyr	Sum
<b>Kostpris 01.01</b>			31 989		499 925	531 914
Tilgang i året			35 451		41 811	77 262
Tilgang verksemdoverføring						
Avgang i året					-81 705	-81 705
Frå anlegg til utføring						
<b>Kostpris 31.12</b>			67 440		460 031	527 471
Akk. avskrivningar 31.12					272 625	272 625
Akk. nedskrivningar 31.12						
<b>Balanseført verdi 31.12</b>			67 440		187 406	254 846

Ordinære avskrivningar i året					128 810	128 810
Nedskrivningar i året						

Balanseførte lånekostnadar

Levetider					4 - 7 år	
Avskrivningsplan					lineær	

Av årets tilgangar er 24 220 i investeringar relatert til koronapandemien.

**LEIGEAVTALER***Heile 1000 kroner*

Leigebeløp		31 307			1 107	32 414
------------	--	--------	--	--	-------	--------

**NOTE 7 INVESTERINGAR I AKSJAR OG PARTAR***Heile 1000 kroner*

	2020	2019
Eigenkapitalinnskot i KLP	5 250	4 452
<b>Sum investeringar i andre aksjar og partar</b>	<b>5 250</b>	<b>4 452</b>

KLP, som er eit gjensidig selskap, har dekkja behovet for eigenkapital gjennom innskot frå kundane. I tillegg til dette kapitalinnskotet er det bygd opp eit eigenkapitalfond i selskapet for kvar kunde. Dette fondet består av opptent eigenkapital. Det samla eigenkapitalinnskotet i KLP kan endrast noko frå år til anna sjølv om det korkje er tapt eigenkapital eller innbetalt nye innskot. Om ein kunde flyttar pensjonsordninga si frå KLP til ein annan pensjonsinnretning vil kunden sin del av eigenkapitalinnskotet verte betalt attende. Dette er den einaste situasjonen der kunden faktisk kan disponera eigenkapitalinnskotet sitt.

**NOTE 8 VARELAGER***Heile 1000 kroner*

	2020	2019
<b>Varer for vidaresal:</b>		
Handelsvarer	5 217	2 678
<b>Sum varer for vidaresal</b>	<b>5 217</b>	<b>2 678</b>
<b>Sum varelager</b>	<b>5 217</b>	<b>2 678</b>
Kostpris lager	5 217	2 678
<b>Bokført verdi 31.12</b>	<b>5 217</b>	<b>2 678</b>



## NOTE 9 KUNDEKRAV OG ANDRE KRAV

Heile 1000 kroner

	2020	2019
Kundekrav	10 907	10 504
Krav på føretak i føretaksgruppa	131 022	150 781
Oppsamla inntekter	14	361
Andre kortsiktige krav	77 779	81 933
<b>Sum krav</b>	<b>219 722</b>	<b>243 578</b>

Kundekrav har følgende fordeling på forfall:

Krav som ikkje er forfalne til betaling	14 696	7442
Krav forfalne med 1 - 30 dagar	-2 602	593
Krav forfalne med 31 - 60 dagar	-150	871
Krav forfalne med 61 - 90 dagar	0	38
Krav forfalne med meir enn 90 dagar	-1 037	1 560
<b>Kundekrav pålydande per 31.12.</b>	<b>10 907</b>	<b>10 504</b>

## NOTE 10 KONTANTAR OG BANKINNSKOT

Heile 1000 kroner

	2020	2019
Skattetrekksmidler	17 301	15 139
<b>Sum bundne kontantar og bankinnskot</b>	<b>17 301</b>	<b>15 139</b>
Bankinnskot og kontantar som ikkje er bundne	70 563	36 124
<b>Sum kontantar og bankinnskot</b>	<b>87 865</b>	<b>51 262</b>

## NOTE 11 EIGENKAPITAL

Heile 1000 kroner

	Føretaks- kapital	Annan innskoten eigenkapital	Fond for vurderings- forskjellar	Annan eigenkapital	Total eigenkapital
<b>Eigenkapital 31.12. i fjor</b>	<b>1000</b>	<b>150 319</b>		<b>41 160</b>	<b>192 478</b>
Korr. av feil i tidl. års rekneskap					
<b>Eigenkapital 01.01. i år</b>	<b>1 000</b>	<b>150 319</b>	<b>0</b>	<b>41 160</b>	<b>192 478</b>
Eigenkapitalstransaksjonar					
Resultat dette året				-8 144	-8 144
<b>Eigenkapital 31.12. i år</b>	<b>1 000</b>	<b>150 319</b>	<b>0</b>	<b>33 016</b>	<b>184 335</b>

Eigenkapitalen er 1 part lydande kr 1 000 000. Parten er eigd av Helse Vest RHF.

### STYRINGSMÅL FRÅ EIGAR

Heile 1000 kroner	2020	2019	2002-2020
Årsresultat	-8 144	8 437	31 674
Overført frå strukturfond			
Korrigert for endra levetider			
<b>Korrigert resultat</b>	<b>-8 144</b>	<b>8 437</b>	<b>31 674</b>
Pensjonskostnadar det er teke omsyn til i resultatkravet			1 373
<b>Resultat jf. økonomiske krav</b>	<b>-8 144</b>	<b>8 437</b>	<b>33 047</b>
Resultatkrav	1 000	1 000	24 114
<b>Avvik frå resultatkrav</b>	<b>-9 144</b>	<b>7 437</b>	<b>8 933</b>

## NOTE 12 PENSJONSFORPLIKTING

Heile 1000 kroner	2020	2019
Oppsamla pensjonsforplikting	498 853	392 492
Pensjonsmidlar	419 539	332 222

<b>Netto pensjonsforplikting</b>	<b>-79 313</b>	<b>-60 270</b>
----------------------------------	----------------	----------------

Arbeidsgiveravgift på netto pensjonsforplikting	-11 001	-8 359
Ikkje resultatført tap/vinst av estimat- og planavvik inkl. aga	5 746	-12 759

<b>Netto bokførte forpliktingar inkl. arbeidsgivaravgift</b>	<b>-84 568</b>	<b>-81 389</b>
--	----------------	----------------

<b>Av dette balanseført netto pensjonsforplikting inkl. aga.</b>	<b>-84 568</b>	<b>-81 389</b>
--	----------------	----------------

Av pensjonsmidlar utgjer premiefond	15 586	13 541
-------------------------------------	--------	--------

### SPESIFIKASJON AV PENSJONSKOSTNAD

Noverdi av opptente pensjonsrettar i året	51 589	52 099
Rentekostnad på pensjonsforpliktinga	10 136	10 629

<b>Brutto pensjonskostnad i året</b>	<b>61 725</b>	<b>62 727</b>
--------------------------------------	---------------	---------------

Venta forteneeste på pensjonsmidlar	-13 361	-12 438
Administrasjonskostnadar	2 234	2 093

<b>Netto pensjonskostnad inkl. administrasjonskostnad</b>	<b>50 598</b>	<b>52 382</b>
---	---------------	---------------

Aga netto pensjonskostnad inkl .adm.kostnad	6 698	7 265
Resultatført aktuarielt tap (vinst)	-9	-8
Resultatført aga av aktuarielt tap (vinst)	1	-0
Resultatført planendring	0	-5

<b>Netto pensjonskostn. inkl. arbeidsgivaravgift</b>	<b>57 287</b>	<b>59 635</b>
--	---------------	---------------

Andre pensjonskostnadar*	276	255
--------------------------	-----	-----

<b>Sum pensjonskostnadar</b>	<b>57 563</b>	<b>59 890</b>
------------------------------	---------------	---------------

### ØKONOMISKE FØRESETNADAR

Diskonteringsrente	1.70	2.30
Venta forteneeste på pensjonsmidlar	3.10	3.80
Årleg vekst i lønn	2.25	2.25
Årleg pensjonsregulering	1.24	1.24
Årleg vekst i grunnbeløp til folketrygda	2.00	2.00

Talet på yrkesaktive personar med i ordninga	609	569
Talet på oppsette personar med i ordninga	316	297
Talet på pensjonistar med i ordninga	72	64

### SPESIFIKASJON AV PREMIEFOND

Saldo 1.1.	13 541	9 375
Tilført premiefond	6 053	6 193
Uttak fra premiefond	-4 008	-2 027

<b>Saldo per 31.12.</b>	<b>15 586</b>	<b>13 541</b>
-------------------------	---------------	---------------

\*Gjeld premie betalt for pensjonsforsikring som ikkje er aktuarrekna, servicepensjonar og andre kostnadar som vedkjem pensjon og sikringsordning.

Føretaket har ytingsbasert tenestepensjonsordning i KLP. Denne pensjonsordninga tilfredsstiller krava i lov om offentlig tenestepensjon.

## PENSJONSORDNINGA

Tariffesta tenestepensjon for dei tilsette er sikra i pensjonsordninga. Dette gjeld alders-, uføre-, etterlatne-, tidleg pensjon, AFP og vilkårsbunden tenestepensjon. Årskulla fødte før 1963 er sikra tidleg pensjon og AFP 62-67 år. Årskulla fødte frå 1963 er sikra vilkårsbunden tenestepensjon eller livsvarig AFP. Når regelverket krev det, samordnast pensjonane med utbetaling frå folketrygda. Det blir ikkje opptent pensjon for lønn over 12G (folketrygdas grunnbeløp).

Rekneskapsføring av tenestepensjonsordningar med vedtektsfesta ytingsnivå følgjer norsk rekneskapsstandard NRS 6 Pensjonskostnader. Alle statlege helseføretak i KLP inngår i ein fleirføretakspensjon. Sidan offentlig AFP er tett integrert med ordinær tenestepensjon inngår forplikting for AFP som del av berekninga av pensjonsforpliktinga.

## REGELVERKSENDRINGAR I OFFENTLEG TENESTEPENSJON

Partane i arbeidslivet vart einige om ny offentlig tenestepensjon (OfTP) frå 01.01.2020. Stortinget vedtok 11.06.2019 endringar av fleire lover som regulerer pensjon innan offentlig sektor. Regnskapsstiftelsen gav ut eiga rettleiing i august 2019 om rekneskapsmessig handtering av endringane i offentlig tenestepensjon. Denne rettleiaren er lagt til grunn ved berekningane for 2020.

Sidan endeleg vedtak om ny offentlig AFP ikkje føreligg, angir rettleiaren at ein også for årskulla 1963 og yngre reknar forpliktinga etter dagens AFP-ordning. Det er lagt til grunn same føresetnadar om uttak av AFP som tidlegare år. For arbeidstakarar i sjukepleiarordninga og fellesordninga føreset ein at 36 % av dei med aldersgrense 65 år tek ut AFP ved 62 år og at 42,5 % av dei med aldersgrense 70 år tek ut AFP ved 62 år. For sjukehuslegar antek ein at 15 % tek ut AFP ved 63 år.

## FØRESETNADAR FOR BEREKNINGANE

Dei økonomiske føresetnadene per 31.12.2020 følgjer siste rettleiing gitt av Regnskapsstiftelsen i januar 2021. Basert på desse er det berekna beste estimat brutto pensjonsforplikting per 31.12.2020. Beste estimat midlar er basert avkastning i KLP/SPK for 2020.

### DEMOGRAFISKE FØRESETNADAR:

	31.12.2020	31.12.2019
Nytta tabell over dødelegheit	K2013BE	K2013BE
Nytta tabell for uførefrekvens	KU2020	KU2020
Uttak AFP etter erfaring	15-42,5%	15-42,5%

### FRIVILLIG AVGANG FOR SJUKEPLEIARAR I %)

Alder (i år)	< 20	20-25	26-30	31-40	41-49	50-55	>55
Sjukepleiarar	25	15	10	6	4	3	0

Alder (i år)	< 24	24-29	30-39	40-49	50-55	>55
Sjukehusleger og for fellesordninga	25	15	7,5	5	3	0

### KORT OM IKKJE RESULTATFØRTE ESTIMATAVVIK

I samsvar med god rekneskapsskikk, nyttar Helse Vest reglane om "korridor" og fordeling over attverande opptenings-tid ved behandling av estimatavvik knytt til pensjonsordninga.

## NOTE 13 AVSETTING FOR LANGSIKTIGE FORPLIKTINGAR

Heile 1000 kroner	2020	2019
Investeringsstilskot **	5 900	9 821
<b>Sum avsetting for forpliktingar</b>	<b>5 900</b>	<b>9 821</b>

Investeringsstilskotet vert ført til inntekt i takt med avskrivningane på den finansierte investeringa.

## NOTE 14 ANNA LANGSIKTIG GJELD

Heile 1000 kroner

	2020	2019
Gjeld til føretak i same føretaksgruppe	1 339 546	1 161 855
<b>Sum anna langsiktig gjeld</b>	<b>1 339 546</b>	<b>1 161 855</b>

## NOTE 15 ANNA KORTSIKTIG GJELD

Heile 1000 kroner

	2020	2019
Leverandørgjeld	78 607	102 511
Kortsiktig gjeld til føretak i same konsern	15 422	22 055
Skuldige feriepengar	41 347	38 066
Skuldig lønn	15 125	12 590
Anna kortsiktig gjeld	31 460	46 111
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>	<b>181 962</b>	<b>221 333</b>

## NOTE 16 NÆRSTÅANDE PARTAR

Nærstående til Helse Vest IKT AS er definert i rekneskapsloven § 7-30b og rekneskapsforskrifta § 7-30b-1. Vesentlege transaksjonar med nærstående parter kjem fram i denne og andre notar i årsrekneskapan.

Ytingar til leiande tilsette er omtalt i note 3, og mellomverande med konsernselskap i Helse Vest er omtala i notane 9 og 17. Det mest vesentlege av inntekter i Helse Vest IKT AS er sal mot andre føretak i Helse Vest som i 2020 utgjorde om lag 1 169 millionar kroner.

Helse Vest IKT AS har gjennomført ei kartlegging og dokumentasjon av styremedlemmer og leiande tilsette sine verv som kan tenkast å komme i konflikt med relasjonar føretaka har til andre aktørar. Helseregionen er blant anna underlagt lov om offentlege kjøp. I Helse Vest IKT AS er det etablert rutinar som skal bidra til å sikre at tilsette som er ansvarleg for, eller har påverknad på inngåing av vesentlege innkjøps- og/eller salsavtaler ikkje sit med verv eller har andre relasjonar til leverandørar eller kundar som kan tenkast å komme i konflikt med deira rolle i føretaka.

## NOTE 17 KRAV OG GJELD MELLOM FØRETAKA I HELSE VEST

Heile 1000 kroner

Føretak	Kortsiktige fordringar	Langsiktige fordringar	Kortsiktig gjeld	Langsiktig gjeld
Helse Vest RHF	39 063		12 730	1 345 446
Sjukehusapoteka Vest HF	1 439		2	
Helse Bergen HF	36 724		17 67	
Helse Stavanger HF	28 690		78	
Helse Fonna HF	21 434		366	
Helse Førde HF	3 672		480	
Helse Vest IKT AS				
<b>Sum</b>	<b>131 022</b>	<b>0</b>	<b>15 422</b>	<b>1 345 446</b>





# Melding frå uavhengig revisor

Til føretaksmøtet i Helse Vest IKT AS

Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen

## Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen til Helse Vest IKT AS.

Årsrekneskapen er samansett av:

- Balanse per 31. desember 2020
- Resultatrekneskap for 2020
- Kontantstraumane for rekneskapsåret som vart avslutta per 31. desember 2020
- Notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining:

Er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2020, og av resultatata og kontantstraumane for rekneskapsåret som vart avslutta per denne dato, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

## Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

## Annan informasjon

Leiinga er ansvarleg for annan informasjon. Annan informasjon består av årsmeldinga og annan informasjon i årsrapporten, men inkluderer ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje annan informasjon, og vi attesterer ikkje den andre informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese annan informasjon identifisert ovanfor for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom denne og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om den tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon.

Dersom vi, på bakgrunn av arbeidet vi har utført, konkluderer med at annan informasjon inneheld vesentleg feilinformasjon er vi pålagde å rapportere det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

## Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og for at den gir eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god

rekneskapskikk i Noreg. Leiinga er òg ansvarleg for nødvendig internkontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og på tilbørleg måte opplyse om forhold av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

#### Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

---

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som gir uttrykk for meininga vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom den, åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

For vidare omtale av revisor sine oppgåver og plikter viser vi til:  
<https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

#### Utsegn om andre lovmessige krav

##### Konklusjon om årsmeldinga

---

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegget til bruk av overskotet er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

##### Konklusjon om registrering og dokumentasjon

---

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

BDO AS

Ellen Marie Marvik  
statsautorisert revisor  
(elektronisk signert)



Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur".  
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

## Ellen Marie Mo Marvik

### Partner

På vegne av: BDO AS

Serienummer: 9578-5997-4-628197

IP: 188.95.xxx.xxx

2021-03-17 11:56:37Z



Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

### Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service** <[penneo@penneo.com](mailto:penneo@penneo.com)>. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validate>

